Referat FAU - møte 14. oktober kl 18.00 - 19.30 på Lye skule

Til

Kenneth Terjesen	1.trinn (1.året) forfall
Øystein Susort	2.trinn (2.året)
Keth-Elin Vinnigland	3.trinn (1. året)
Jeanett Hansen	4. trinn (2. året)
Karoline Wiggen	5. trinn (1. året)
Anette Breiland Serigstad	6. trinn (2. året) forfall
Marianne Hauge	7. trinn

Stad: Konferanserommet

Sak 1 Presentasjon av FAU

Me hadde ein presentasjonsrunde.

Sak 2 Konstituere nytt styre

Øystin Suort har vore leiar, men har ikkje anledning til å fortsette i FAU. Han vil høyre om ein av trinnkontaktane kan overta vervet.

Marianne Hauge har meldt seg som referent., Keth-Elin som kasserer.

Pga forfall vil ein konstituere nytt styre på neste møte.

Sak 3 Møteplan skuleåret 26-27

Første kommunale FAU møte 27.oktober kl 18.00 møterommet Fritz rød, Jeanett Hansen møter på vegne av FAU Lye.

Me utsett møteplan til neste FAU møte. Vil ta utgangspunkt i FAU sitt årshjul.

Neste møte 23.november kl. 18.00. - 19.00.

Sak 4 Orientering om trygge skulevegar i Time kommune.

Time kommune skal i gang med ny vurdering av farlege skulevegar i Time kommune. Målet er at denne skal opp til politisk behandling i februar, etter at den har vore på høyring i FAU. Meir info blir sendt ut til FAU når høyringsfristen er klar.

Trinnkontaktane kan gjerne allereie nå be føresette melde i frå om dei veit om vegar som bør bli vurdert som trafikkfarlege.

Sak 5 Smartelefonfri barndom

https://www.smarttelefonfribarndom.no/

Trinnkontaktane har informert på foreldremøta. 1.trinn har inngått avtale om smarttelefonfri barndom. Trinnkontaktane kan ta kontakt med FAU-representanten på trinnet for meir info om det trengs. Viktig at dette er oppe som tema kvart år på aalle trinn.

Sak 6 Eventuelt
Innspel til FAU – Kunne det vore ein ide og hatt foredrag på skulen om el-spark og trafikkersikkerheit, noko politiet kan bidra med? Sigrid sjekkar med politikontakt Gustav Grastveit.

FAU drøfta skuleveg og trafikktryggleiken.
FAU vedtar einstemmig at me anbefaler at elevar frå 1. Til og med 4.trinn ikkje bruker sykkel/sparkesykkel til og frå skulen.

Orientering om ATO
Byggjearbeidet er i rute og det er planlagt oppstart hausten 2027.
Lye skule har søkt etter avdelingsleiar i 100% stilling til ATO-avdelinga. Stillinga vil vere ein kombinasjon av 50% leiing og 50% undervisning.
ATO-avdelinga skal gje eit heilskapleg og individuelt tilrettelagt opplæringstilbod til elevar med omfattande og varige behov for tilrettelegging.
Tilbodet skal bidra til at eleven får ei opplæring som er forsvarleg, meiningsfull og i tråd med prinsippet om barnet sitt beste.
Føresette må søkje om plass ved ATO avdelinga. PPT (pedagogisk – psykologisk teneste) behandlar søknadane og tilbyr plass.

Sigrid Kjetland

Rektor Lye skule